



Arkivnr: 2018/16787-7

Saksbehandlar: Ruth Ørnholst, Sigrid Furnes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.01.2019

Fordeling av midlar til modellbibliotek i Hordaland 2019

Samandrag

Endringa i føremålsparagraf i biblioteklova frå 1.januar 2014, slår fast at folkebiblioteka skal vere møteplassar og arena for offentleg ordskifte. Ved å gjere bibliotekrommet meir attraktivt og fleksibelt, vil biblioteka i sterkare grad bli i stand til å oppfylle samfunnsoppdraget sitt. Til grunn for modellbibliotektanken ligg behovet for å utvikle og synleggjere nye tenester og skape førebilete for andre bibliotek.

Tiltaket er eit spleislag mellom fylkeskommunen og kommunane. Fylkeskommunen bidreg med kr 100 000 til inventar, deltek med fagleg ekspertise og kjøper inn ekstern konsulentteneste til å vurdere lokala og teikne innreiingsforslag. Det er ein føresetnad at kommunane bidreg med minimum kr 100 000 til inventar og innreiling.

I perioden 2014-2018 har fylkeskommunen løyvd midlar til 17 modellbibliotek. Løyvingane har ført til løft for biblioteka og statistikk viser at det er tydeleg auke i bruken av dei biblioteka som har fått oppdaterte lokale og aktualiserte samlingar i modellbibliotekprogrammet.

For 2019 er det sett av kr 350 000 i budsjettet til framhald av modellbibliotekprogrammet. I tillegg kjem kr 143 000 avsett på fond. Det er difor rom for å gi løyving til tre nye prosjekt i 2019. Midlane er lyst ut, og det kom inn seks aktuelle kandidatar. Alle søknadene inneheld gode prosjekt som vil gje lokalbefolkinga tilgang til betre og meir moderne bibliotektenester enn dei har i dag.

Økonomi: Tiltaket blir løyst innanfor vedteke budsjett for 2019.

Klima: Saka har ikkje relevans for klimaavtrykk

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - flere gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Prosjektet følgjer opp innsatsområde i Regional kulturplan 2015-2025.

Forslag til vedtak

1. Jondal, Odda og Vaksdal kommune får løyving på kr 100 000 til utvikling av biblioteklokale og støtte til interiørarkitekttenester etter søknad.
2. Etne, Bømlo og Austrheim kommune får avslag på søknad.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.01.2019

Bakgrunn

Endringa i føremålsparagraf i biblioteklova frå 1.januar 2014, slår fast at folkebiblioteka skal vere møteplassar og arena for offentleg ordskifte. I kva grad biblioteka er aktuelle og relevante er knytt til det fysiske rommet og dei aktivitetane og tilboda som biblioteka kan gje brukarane sine. Ved å gjere bibliotekrommet meir attraktivt og fleksibelt, vil biblioteka i sterkare grad bli i stand til å oppfylle samfunnsoppdraget sitt.

Modellbibliotekprogrammet

Til grunn for modellbibliotektanken ligg behovet for å utvikle og synleggjere nye tenester og skape førebilete for andre bibliotek.

Modellbibliotekprogrammet starta i samband med at ein fekk midlar frå Nasjonalbiblioteket til det treårige prosjektet *Sterk, spenstig og klar*. Prosjektet er avslutta, men det er vedtatt i fylkeskommunen sitt budsjett for 2018 og 2019, at programmet skal halde fram.

Programmet er eit spleislag mellom fylkeskommunen og kommunane. Fylkeskommunen bidreg med kr 100 000 til inventar, deltek i prosjektgrupper, rettleiar arbeidet og går gjennom boksamlingane. Det vert kjøpt inn ekstern konsulentteneste til å vurdere lokala og teikne innreiingsforslag. Det er ein føresetnad at kommunane bidreg med minimum kr 100 000 til inventar og innreiling. Dette fører til at administrasjon og politikarar i kommunane må ha bibliotektenesta på saklista og ta stilling til fornying av biblioteket.

I perioden 2014-2018 har fylkeskommunen løyvd midlar til 17 modellbibliotek. Ni bibliotek er nyopna, og det er planlagt opning av fem bibliotek i 2019. Ulike omstende gjer at to kommunar ikkje endå har planlagt ferdigstilling av prosjekta. Detaljert oversyn over deltakarar i modellbibliotekprogrammet 2014 – 2018 er vedlagt saka.

Statistikk viser at det er tydeleg auke i bruken av dei biblioteka som har fått oppdaterte lokale og aktualiserte samlingar i modellbibliotekprogrammet.

I 2018 kom det 4 søknader og det blei vedtatt å gi Masfjorden og Sveio kommune løyving på kr 100 000 til utvikling av biblioteklokale. Desse kommunane saman med Voss kommune fekk også støtte til interiørarkitektenester.

Budsjett 2019

I fylkeskommunen sitt budsjetter for 2019 er det vedtatt å gi løyving til to prosjekt innanfor ei ramme på kr 350 000. Modellbibliotekprogrammet har kr 143 000 avsett på fond etter prosjekt *Sterk, spenstig og klar*. Utgifter til interiørarkitekt, reise mm. er om lag kr 64 000 per prosjekt. Det er difor rom for å gi løyving til tre nye prosjekt i 2019.

Søknader 2019

Generelt:	
Budsjett:	493.000
Kriteria for å bli med i ordninga:	Samlingane må bli vurderte og aktualiserte, slik at bibliotekrommet kan leggjast til rette som møteplass og kultur- og debattarena. Kommunen må stille med ein eigenandel på kr 100 000.
Informasjon om ordninga:	Ulysing i fylkeskommunens tilskotsplattform. Informasjon om prosjekt og søknadsfrist på e-post til biblioteka og gjennom sosiale kanalar.
Søknadsfrist:	15. desember 2018

Søknader 2019	
Tal på søknader	6

Tal på søknader som er tilrådd støtte:	3
Samla søknadssum:	984 000 (inkludert utgifter til interiørarkitekt)
Fordeling:	392 000 (inkludert utgifter til interiørarkitekt)

Søkjar	Tiltak	Vurdering
Etne	<p>Meirope til Etne Etne bibliotek skal i 2019 bli meirope. I tillegg til å leggje til rette oppholdsområda, vil utlånsmateriell bli plassert i rommet, tilpassa sjølvbetjening.</p>	<p>Eit berande element i søknaden frå Etne er at biblioteket skal bli meirope. Tiltaket kan langt på veg realiserast med midlar løyvd frå kommunen.</p> <p><i>Innstilling: avslag</i></p>
Jondal	<p>Nytt kombinasjonsbibliotek 2019 Jondal kommune har vedtatt bygging av nytt bibliotek i samband med rehabilitering av Jondal skule. Bygget vil innehalde idrettshall og bibliotek, og det er tenkt at biblioteket skal vere meirope. Biblioteket vert eit kombinert bibliotek med skule- og folkebibliotek. Universell utforming er ivareteke i planane for biblioteket, er det tenkt eit moderne bibliotek med mange funksjonar, som vil vere ein etablert og integrert del av kultur- og aktivitetssenter. Bygget skal stå ferdig i 2020.</p>	<p>Biblioteket held i dag til i gamle og lite tenlege lokale i Jondal skule. Biblioteket har liten stillingsressurs. Vedtak om bygging av nytt bygg, viser at kommunen satsar på biblioteket, og søker støtte for at resultatet skal bli best mogleg. Bistand frå interiørarkitekt vil vere eit viktig bidrag for eit godt og formålstenleg resultat.</p> <p><i>Innstilling: kroner 100.000</i></p>
Bømlo	<p>Finnås filial – ein tredjestad for alle Bømlo kommune ønskjer å utvide arealet til biblioteket, som er eit kombinert skule- og folkebibliotek og leggje til rette for sjølvbetjent utlån og meirope. Filialen held til i tronge og utdaterte lokale ved Finnås skule. Filialen er ope tre timer i veka. Grunna store avstandar, er Våge skule ein viktig møtestad for barnehage, lag og organisasjonar. Ved å gjere lokala meir attraktive og tilrettelagt som møtestad, vil bruken av biblioteket auke.</p>	<p>Bømlo kommune tok del i Modellbibliotekprosjektet med Bømlo filial i 2015. Sjølv om søknaden er god, blir Bømlo ikkje prioritert på nytt i denne omgang.</p> <p><i>Innstilling: avslag</i></p>
Odda	<p>Rom for kunst og oppleveling Odda bibliotek held til i eit klassisk 50-tals bygg i Odda Rådhus. All restaurering i biblioteket sin hovudetasjen er gjort med mål om å behalde tidsånda frå 50-talet. Biblioteket vil bli nytt hovudbibliotek i nye Ullensvang kommune. Biblioteket har eit kjellarlokale som treng oppgradering. Det er ynskje om rehabilitering av rommet, der funksjonar som lesesal og arrangementsrom vert kombinert som visningsrom for kunst.</p>	<p>Eit større rehabiliteringsprosjekt enn den som ligg i modellbibliotek-programmet må pårekna for å setje i stand underetasjen. Prosjektet kan vere eit insitament for å starte denne prosessen ved å ta vare på og vise fram biblioteket si kunstsamling på ein god måte. Bistand frå interiørarkitekt kan vere ei trygging for at arbeidet vert gjort med den kompetansen som trengs for å ivareta lokale sin karakter.</p> <p><i>Innstilling: kroner 100.000</i></p>

Vaksdal	<p>Vaksdal kommune planlegg nytt skule- og kulturbygg. I tillegg til bibliotek, skal det innehalde barne- og ungdomsskule, symjehall og kulturhall. Det er meinингa at det nye biblioteket skal bli meirope, og kommunen ser for seg at det vert nytta meir pengar enn det som ligg i modellbibliotekprosjektet til inventar og utstyr i den nye biblioteket</p> <p>Bygget skal stå ferdig i 2020.</p>	<p>Vaksdal folkebibliotek held til i lite hensiktsmessige lokale på Dale. For større tilskipingar, må Dale forsamlingshus takast i bruk som arrangementsrom.</p> <p>For eit godt og heilskapleg resultat, er det viktig at kompetanse på bibliotekrom vert ivareteke gjennom heilt prosessen.</p> <p><i>Innstilling: kroner 100.000</i></p>
Austrheim	<p>Eitt bibliotek - biblioteket for leseglede, kunnskap og trivsel.</p> <p>Biblioteket i Austrheim er kombinasjonsbibliotek med skulebiblioteka i kommunen. Austrheim er eit aktivt bibliotek i arbeidet med litteraturformidling til barn. Ved å gjere biblioteket meirope og modernisere bibliotekinnreiinga vil biblioteket fungere betre som møteplass for målgruppa.</p> <p>I 2019 tek dei del i eit prosjekt støtta av Utdanningsdirektoratet for å utvikle ein modell for felles biblioteknester i mindre lokalsamfunn.</p> <p>Biblioteket skal bli ein naturleg del av undervisninga; ein inkluderande arena for leseglede for alle elevgrupper.</p> <p>Eit berande element i søknaden frå Austrheim er at biblioteket skal bli meirope.</p>	<p>Tiltaket kan langt på veg realiserast med midlar løyvd frå kommunen.</p> <p><i>Innstilling: Avslag</i></p>